

Sak til Samarbeidsutvala

Går til:	Medlemene i utvalet
Utval:	Samarbeidsutvalget i Bergen
Dato:	10. mars 2022
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Godkjenning av Handlingsplan for 2022 Status Handlingsplanen per feb. 2022
Saksnummer:	07/22

Bakgrunn

I desember 2021 presenterte Samarbeidssekretariatet(SSE) ein samla statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2021 og forslag til ny handlingsplan for 2022. Av saka gjekk det fram at erfaringane med ein kort og oversikteleg handlingsplan har vore gode.

I desember møtet var det og høve for Samarbeidsutvala å koma med forslag til endringar av utkastet for handlingsplanen for 2022. Handlingsplanen kjem no ut igjen til endeleg handsaming.

Forslag til handlingsplan for 2022 er sett saman av pågåande tiltak frå handlingsplan for 2021, avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon og saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem. Basert på erfaringar frå tidlegare år kan det gjennom året og koma til aktuelle saker som må prioriterast, sjølv om dei ikkje kjem med i handlingsplanen.

Tiltaka i handlingsplanen for 2022 er oppdatert i tråd med innspel og vedtak gjort i SU møta i desember. Følgjande endringar er gjort:

- revisjon av tenesteavtale 8 er teke ut.
- dei fire prioriterte gruppene i arbeid med helsefellesskap er inkludert i punkt 2.1

Gjennom heile 2021 har samarbeidsutvala fått jamleg orientering om status for arbeidet med tiltaka i gjeldande handlingsplan. Det er eit mål å halda fram med dette også i 2022. Status per februar 2022 er lagt inn i vedlagt handlingsplan.

Forslag til vedtak

Samarbeidsutvalget i Bergen sluttar seg til Handlingsplan for 2022. Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle parter sørge for oppfølging av handlingsplanen.

Samarbeidsutvalget i Bergen tek status for handlingsplanen 2022 til orientering.

Vedlegg: Handlingsplan for 2022, inkludert status per feb.2022